

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 28.06.2011 kl 13.15 – 18.00 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 045/11 - 057/11

Innkalling til møtet var sendt ut den: 23.06.2011.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Liv Oda Dale	Håkon Matre, ordførar	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Kjell Løvik, vara	Jon Terje Sætre
Dina Merete K. Dyrhovden	Wenke Fredheim Ekren	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Ragnvald Tangedal, vara		
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Laila Solhaug Reknes	Frode Langhelle	

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordførar	Willy Borge Permisjon frå kl. 17.30.	Per Einar Langhelle
Siri Tangedal Kratzmeier	Janne Judith K. Sandnes, vara	Øystein B. Strand, vara
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Erlend Kvamsdal	Leila Torsvik Andvik

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss til sak 46/11
Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl
Rådgjevar Alf Strand

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møte

Møteleiar:	Ordførar Håkon Matre
Utlevert i møtet:	Vedtaksprotokoll frå kommunestyremøte den 07.06.2011.
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Innkallinga vart godkjent.

Ordførar gjorde framlegg om Liv Oda Dale og Kjell Løvik til å skriva under møteboka. Dette vart samrøystes vedteke.

Ordførar orienterte frå møte i planutvalet før kommunestyret der kommuneplanen sto på saklista. Sak 46/11 Kommuneplanen vil bli handsama tilslutt i dag og me vil då gå gjennom heile planen.

Sakslista vart godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
045/11	11/431	Godkjenning av møteprotokoll	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
046/11	11/423	Kommuneplanen 2011 - 2022 - Samfunnsdelen - 1. gongs handsaming	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
047/11	11/347	Matpengar i barnehagane	8
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
048/11	10/403	Tilstandsrapport grunnskulen - oppnemning av arbeidsgruppe	12
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
049/11	10/412	Internasjonalt arbeid - vennskapsavtalar	15
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
050/11	11/374	Regional helse- og omsorgsplan for Nordhordland	19
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
051/11	11/228	Justert investeringsplan for kommunale vegar 2011	26
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
052/11	11/102	Stordalen fjellstøve - søknad om tilskot til utbygging og vidareutvikling	33
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
053/11	06/752	Utbygging av mobilnettet i Masfjorden - eigenfinansiering	38
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
054/11	10/844	Klage på politisk vedtak i KS sak 027/11 - Avslag på Frøyset vassverk sin søknad om lån/tilskot frå kraftfondetFrøyset vassverk	43
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
055/11	11/430	Skriv og meldingar	53
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
056/11	11/429	Delegerte vedtak – saka går ut	25
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
057/11	11/428	Høyringsuttale om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk	55

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.06.2011	045/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/431
-----------	---------------------

SAK 045/11 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå formannskapet den dato vert godkjent slik han ligg føre.

KS-045/11 VEDTAK :

Møteprotokollen frå kommunestyremøte den 07.06.2011 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:

Vedtaksprotokoll frå kommunestyremøte den 07.06.2011 vart delt ut.

Ordførar Håkon Matre orienterte om at det i innkallinga til møte stod godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte den 28.04.2011. Det er feil då denne var godkjent i førre møte. Rett møte som skal godkjennast er møte som var den 07.06.2011.

Møteprotokoll frå kommunestyremøte den 07.06.2011 vart godkjent slik den låg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	28.06.2011	018/11	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	28.06.2011	046/11	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-101.3	Arkivsaknr.: 11/423
----------------	---------------------

SAK 046/11 - KOMMUNEPLANEN 2011 - 2022 - SAMFUNNSDELEN - 1. GONGS HANDSAMING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommuneplan for Masfjorden kommune, Samfunnsdel, vert vedteken med desse endringane:

Finansiering

Heimel

KS-046/11 VEDTAK:

Kommuneplan for Masfjorden kommune, Samfunnsdelen vart gjennomgått og drøfta og kommunestyret gav innspel til planutkastet.

Kommuneplanen vert arbeidd vidare med av rådmannen for ferdigstilling før slutthandsaming i kommunestyret.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka og handsaminga i planutvalet tidlegare i dag og sa at det hadde vore ynskjeleg at ein hadde både arealdelen og samfunnsdelen til handsaming parallelt. Arbeidet med arealdelen er i inne i siste fase.

Matre sa at me bør ha eit kommunestyremøte i slutten av august der ein kan handsama heile kommuneplanen samla. Ein skal no gå gjennom planen slik at kommunestyret kan koma med innspel.

Rådmann Lovisa Midtbø meinte det er viktig at kommunestyret brukar tid til å gå gjennom planen i dag slik at ein kan få ein felles forståing og at det kan koma innspel til det som no er gjort til no.

Gjennomgang av planen:

Side 2 Visjon:

- Visjon er forklart med noko me skal tøya oss mot – me er ikkje der i dag. Skal me bruka sommaren på å kome fram til ein anna visjon? Hovudsaken er at visjonen burde drøftast. Eit alternativ er å halde på visjon og så jobbe saman med å blankpusse han. Det tar tid å få ein visjon innunder ryggmergen, men me må vite kva me vil med han og kva som ligg i botn.

Side 5 Eit fyrstårnprosjekt – omgrepet fyrstårnsprosjekt vart drøfta.**Side 7 Bakgrunn planprosess:**

- Kommuneplanen bør gjelde frå 2012 –> (vanlegvis 12 år)
- Dei tema me er nøydd å gjere bør flyttast til slutt i kap, mens dei tema me har valt å ta med bør kome først.

Side 13 Lokalsamfunnsutvikling:

- Bustadbygging skal skje på heile aksen Skjelsundet – Kvamme ikkje berre relatert til Sandnes i delmål 2
- Nytt delmål 3 – få byggeklare tomter som sikrar levande bygder. Folk treng hus og hus treng folk. Ein må jobbe meir med å formulere eit godt delmål 3.

Side 16 kultur og næringsutvikling

- Saknar service og næringsutvikling for Hosteland under hovudmål.
- Bør ikkje stå kronesum for utviklingsstipend i ein kommuneplan
- Aktiv marknadsføring av tilgjengeleg næringsareal under delmål 2

Side 19 Samfunnstryggleik og beredskap**Side 23 Energi og klima**

- Det er (sannsynlegvis) kommunale bustadfelt som ikkje har etablert slamavskiljar for avløp til sjø. Det bør ikkje vere forskjell på kommunale og private bustadfelt når det gjeld primærreinsing av avløp før utslepp til sjø.
- Skal me seie noko om ladestasjonar for elbil og at ein skal redusere avfallsmengda med 15% ? Det er klipt rett frå klima- og energiplanen. Me er nøydd å ta vår del av dei nasjonale måla.

Side 27 Folkehelse

- Folkehelse er eit nytt omgrep og dette kap blir difor annleis enn dei andre. Meir prega av definisjonar.

Side 33 Kvalitet og kompetanse

- Lærlingar må med under hovudmål.

Side 37 Kommunale tenester

- Det er viktig at innbyggjarane kjenner seg att i status som kjem fram i samfunnsdelen.
- Eit av delmåla våre bør vere at me kan ta opp barnehageborn gjennom heile året.
- Samarbeid skulane i mellom bør inn som eit av delmåla våre – må jobbe med ei god formulering.
- Framtidig skulestruktur må drøftast politisk og nedfellast i samfunnsdelen. Kanskje dele skulestrukturprosessen i to – før og etter bru over Masfjorden. Pr i dag har kommunen problem med å få tak i kompetente fagpersonell til ungdomsskulen.

Side 42 Kultur

- Eit nytt pkt frå planutvalet

Side 45 Kyrkja

- Skal kommunestyre lage hovudmål for kyrkja og samarbeidet? Burde kyrkja vore eige kap?

Side 47 Pleie- og omsorgstenestene

- Ein har (sannsynlegvis) utarbeidd pleie- og omsorgsplanen når samfunndelen vert vedteken. Bør endre delmålet til å handle i samsvar med vedteken plan.

Side 52 Tekniske tenester

- Tekniske tenester bør ha hovudmål / visjon knytt til brukarane.
- Bør tidfeste delmål 2 under delkapittel veg.
- Fv 570 Masfjordnes – Andås bør flyttast fram til / nemnast på side 5 – bru over Masfjorden.
- Bør ha med eit pkt ang kulturlandskap (delmål 2) under delkapittel landbruk.

Neste kommunestyremøte vert 29.august. Ordførar meiner at ein frist for innspel til samfunnsdelen må kome så tidleg så mogleg skal ein kunne handsame desse i planutvalet i forkant av kommunestyret.

Willy Borge fekk permisjon frå møte kl. 17.30 i handsaming av denne saka.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	16.06.2011	046/11	Alf Strand
Kommunestyret	28.06.2011	047/11	Alf Strand

Arkiv: N-211	Arkivsaknr.: 11/347
--------------	---------------------

SAK 047/11 - MATPENGAR I BARNEHAGANE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Frå 1. august 2011 aukar matpengane i dei kommunale barnehagane i Masfjorden med kr 50 til kr 250 pr. måned pr. barn.

Finansiering

Heimel

Vedtektene § 13

FS-046/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Frå 1. august 2011 aukar matpengane i dei kommunale barnehagane i Masfjorden med kr 50 til kr 250 pr. måned pr. barn.

Finansiering

Heimel

Vedtektene § 13

Det skjedde i Formannskapet den 16.06.2011:

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, spurde om det skulle vore 3 månaders varsling på auken og om dette har vore drøfta i barnehagane.

Alf Strand sa at det hadde han ikkje tenkt på. Strand sa han var usikker på om denne saka skal til kommunestyret, men gjer det for å vera sikker.

Forslaget om auke i matpengar er ute på høyring til barnehagane no, men svara er ikkje kome inn enno.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at sal av mat skal vera etter sjølvkost.

Dina Dyrhovden opplyste om at i ein del andre kommunar ligg det inne med faste satsar på for eksempel turpengar, men me gjer det ikkje slik i Masfjorden.

Ordførar Håkon Matre gjorde framlegg om at saka gjekk til kommunestyret.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke**KS-047/11 VEDTAK:**

Saka vart utsett.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:

Bjørn Egil Nordland, Ap, vil ikkje stemma mot framlegget, men har eit spørsmål:

”For ½ år sidan fekk me beskjed om at det var så masse matpengar at det måtte puttast inn eit ekstra måltid, men no synest det å vera for lite pengar.”

Nordland spurde om kor er det blitt av dei pengane som er betalt inn for mykje då dette er foreldra sine pengar som dei burde ha full råderett over. Han spurde og om alle barnehagane har to måltid.

Rådgjevar Alf Strand svara at han har ikkje sett rekneskapen, men har fått dei same synspunkta. Strand sa at han kan ikkje svara så mykje på det. Det vart innført eit ekstra måltid i Indre Masfjorden barnehage ved nyttår. Grunngeving frå styrar for auken er at matvareprisane har stege så mykje et dersom ein skal halda fram med eit ekstra måltid må satsane hevast.

Eigentleg er dette ei sak som foreldrerådet i barnehagen kan avgjera ilag med styrar. Det er lov å krevja inn kostpengar.

Wenke Ekren, H, har drøfta dette i Sandnes barnehage og 50 kr. meir er ikkje noko urimeleg. Alle betalar dette om dei er der eller ikkje. Ho spurde om det hadde hadde det gått an å få dette innbakt i foreldrebetalinga for barnehagen for då ville foreldra fått frådrag for dette.

Bjørn Egil Nordland, Ap gjorde framlegg om å utsetja saka for å få ho betre belyst.

Rådmann Lovisa Midtbø sa det vil vera betenkjeleg å få matpengane innbakt i foreldrebetalinga. Reknar med at det er sjølvkost dokumentasjon på matpengane.

Røysting:

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	I	14.06.2011	Indre Masfjorden barnehage	Samarbeidsutvalet i Indre Masfjorden barnehage - referat frå møte den 07.06.11
2	I	16.06.2011	Nordbygda barnehage	Samarbeidsutvalet i Nordbygda barnehage - referat frå møte 16.06.11 i

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA/ VURDERING/ KONKLUSJON

Satsen for matpengar i barnehagane har vore uendra sidan 2002. Foreldra betalar kr 200 pr. månad pr. barn som betaling for to måltid, frukt og mjølk dagleg. Dette utgjør kr 10 pr. dag. Matvareprisane har auka det siste året, og styrarane ser no at ein ikkje kan oppretthalda tilbodet utan å auka matpengane.

Utgangspunktet er at foreldra skal betala det maten til desse to måltida kostar. Dersom me skal halda fram med dei gjeldande satsane, vil kommunen subsidiera maten for borna. Det vil då føra til mindre pengar til barnehagedrifta. Rådmannen meiner at matpengane må aukast så mykje at betalinga frå foreldra dekkar utgiftene. Det er og greitt om den auken ein legg inn, kan halda nokre år.

Frå 1. august 2011 aukar matpengane med kr 50 til kr 250 pr. månad pr. barn. Dette er ein ganske stor auke, men når ein tek med i reknestykket at satsane ikkje har stige dei siste 8-9 åra, meiner rådmannen at auken ikkje er urimeleg. Dagsatsen vil frå 1. august d.å bli kr 12,50 pr. dag.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet			Alf Strand
Kommunestyret	28.06.2011	048/11	Alf Strand

Arkiv: N-21	Arkivsaknr.: 10/403
-------------	---------------------

SAK 048/11 - TILSTANDSRAPPORT GRUNNSKULEN - OPPNEMNING AV ARBEIDSGRUPPE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Til å utarbeida felles mål for grunnskulen vert det sett ned ei arbeidsgruppe med desse medlemmene:

- 1 representant for elevråda
- 1 representant for FAU
- 2 representantar for dei tilsette
- 1 representant for rektorane
- 2 politikarar valde av kommunestyret
- Rådgjevar for oppvekst og kultur som sekretær for arbeidsgruppa

Som representantar frå kommunestyret til arbeidsgruppa vert valde:

Heimel

Opplæringslova

KS-048/11 VEDTAK:

Til å utarbeida felles mål for grunnskulen vert det sett ned ei arbeidsgruppe med desse medlemmene:

- 1 representant for elevråda
- 1 representant for FAU
- 2 representantar for dei tilsette
- 1 representant for rektorane
- Bjørn Egil Nordland frå kommunestyret
- Wenke F. Ekren frå kommunestyret
- Rådgjevar for oppvekst og kultur som sekretær for arbeidsgruppa.

Som representantar frå kommunestyret til arbeidsgruppa vert valde:

Bjørn Egil Nordland og Wenke F. Ekren

Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:

Dina Dyrhovden, Ap, sa at ho ynskjer å få belyst sin habilitet i denne saka.

Karstein Totland, H, sa at han ser det ikkje som eit problem at Dyrhovden er rektor.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at denne saka handlar om å få laga ei arbeidsgruppe. Meiner at Dyrhovden som rektor er ugild i denne saka der det skal oppnemnst politikarar til arbeidsgruppa.

Liv Oda Dale, Ap, sa at ho ser ikkje at Dyrhovden er ugild og støttar Høgre sin representant.

Røysting:

Dina Dyrhovden vart samrøystes kjent gild i saka.

Saka vart drøfta.

Liv Oda Dale, gjorde framlegg om Bjørn Egil Nordland som medlem i arbeidsgruppa.

Karstein Totland gjorde framlegg om Wenke Ekren som medlem i arbeidsgruppa.

Røysting:

Framlegga frå Ap og H vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	01.07.2010	Skulane	Tilstandsrapport grunnskulen - melding om vedtak

BAKGRUNN/ FAKTA/ VURDERING

Kommunestyret gjorde i sak 46/10 i møtet 17.06 2010 slikt vedtak:

”Kommunestyret tek tilstandsrapporten for grunnskulen 2008-09 til orientering og bed om at det vert utarbeidd felles kommunale mål for grunnskulen i Masfjorden for 2011.”

Det er fastsett i Opplæringslova at skuleigarar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Tilstandsrapporten skal som eit minimum omhandla læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Når kommunestyret i juni i fjor vedtok at det skal utarbeidast felles kommunale mål for grunnskulen i Masfjorden, var nok tanken bak at det er lettare å seia noko om tilstanden i skulen når ein har nokre standardar å vurdere opp mot.

Saka har vore drøfta på rektormøte 14.06 2011. Rektormøtet ber om at det vert oppnemnt ei arbeidsgruppe til å sjå på saka og komma med framlegg til felles mål. Rådmannen sluttar seg til dette. Det er viktig å få ei breitt samansett gruppe med representantar for alle partane i skulesamfunnet og for kommunestyret som skuleeigar. Det er naturleg at rådgjevar for oppvekt og kultur er rådmannen sin representant og sekretær for arbeidsgruppa. For at tilstandsrapporten skal kunna leggjast fram for det sitjande kommunestyret, må arbeidsgruppa koma saman når skuleåret startar og leggja fram sine konklusjonar for kommunestyret i september.

KONKLUSJON

Til å utarbeida felles kommunale mål for grunnskulen i Masfjorden vert det sett ned ei arbeidsgruppe med desse medlemmene:

1 representant for elevråda

1 representant for FAU

2 representantar for dei tilsette

1 representant for rektorane

2 politikarar valde av kommunestyret

Rådgjevar for oppvekst og kultur som sekretær for arbeidsgruppa

Kommunestyret må velja to medlemmer til arbeidsgruppa.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.06.2011	049/11	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-015	Arkivsaknr.: 10/412
--------------	---------------------

SAK 049/11 - INTERNASJONALT ARBEID - VENNSKAPSAVTALAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune etablerer samarbeidsavtale med Field Band Foundation i Sør Afrika. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale i tråd med saksframstillinga. Administrasjon og gjennomføring av avtalen vert lagt til oppvekst og kultur.

Finansiering Budsjett for 2012

KS-049/11 VEDTAK:

Masfjorden kommune etablerer samarbeidsavtale med Field Band Foundation i Sør Afrika. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale i tråd med saksframstillinga. Administrasjon og gjennomføring av avtalen vert lagt til oppvekst og kultur.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:

Marit Steinestø, KrF, sa at dette er veldig positivt og det vil bli veldig positivt for kultur og for skulen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommunestyre gjorde 17.06.2010 slikt vedtak:

- 1. Masfjorden kommune ynskjer å etablera eit internasjonalt samarbeidsprosjekt. Prosjektet skal i første rekkje ha barn og unge som målgruppe, og leggjast slik opp at barn og unge kan involverast direkte i arbeidet med planlegging og gjennomføring av prosjektet.**
- 2. Kommunestyret bed om at rådmannen utgreier konkret eit mogleg opplegg og kostnader for eit samarbeidsprosjekt med Field Band Foundation i Sør Afrika.**
- 3. Kommunestyret bed om at rådmannen utgreier eit mogleg samarbeidsprosjekt og kostnader med eit utviklingsland om etablering av fornybar energi, gjerne som ein del av Klima og energiplanen.**

FAKTA

I saksutgreiinga om internasjonalt engasjement for kommunen vår stod følgjande:

”Internasjonalt samkvem er i fokus i vår tid. Også i Masfjorden er vi opptekne av dette, vi reiser meir utanlands enn før, internett har gjort at det er lett å halda kontakt over landegrensene og landet vårt er på alle måtar sterkt påverka av kva som hender i verda rundt oss. Internasjonalt arbeid har også status, og rådmannen vil særleg peika på at barn og unge er opptekne av dette, det er lærerikt og spennande.

Masfjorden kommune har ikkje store politiske, administrative eller økonomiske ressursar å setja inn i eit internasjonalt prosjekt. Dersom eit slikt prosjekt skal vera vellukka for oss og våre samarbeidspartar, meiner rådmannen at det er viktig å finna eit fokusområde som vi har ressursar til å følgja opp over tid. Det er også viktig at dette ikkje vert eit prosjekt der det er berre politikarar og tilsette i kommunen som vert involvert, men at vi får fram eit opplegg der innbyggjarane gjennom lag og organisasjonar kan vera med og ha gode opplevingar og meningsfull læring. Rådmannen meiner at ein i første rekkje bør ha fokus på barn og unge.

Slik sett er eit samarbeid med Field Band Foundation ideelt. Denne organisasjonen er lansiktig partnar til det norske Fredskorpset, har administrative ressursar i Noreg, har årleg utvekslingsstudentar i Noreg som kunne vitja oss. Dei har også starta Field Band Academy dette året, ein internatskule som truleg kan ta mot utvekslingsstudentar evt lærarar frå Masfjorden.

Organisasjonen gjev opplæring i musikk og dans, med eit verdigrunnlag retta mot at borna skal få hjelp til livsopphald, kunnskap om helse og utdanning som gjer at dei kan få arbeid og bidra til ei god samfunnsutvikling i Sør Afrika. I Masfjorden er store grupper av barn og unge aktive med musikk og idrett. Field Band Foundation driv med begge deler- og kommunen kan utvikla eit spennande prosjekt saman med dei. Masfjorden har rekordoppslutning om kulturskulen, og vi har som ein av få kommunar idrettsskule. Eit mogleg prosjekt kunne ta utgangspunkt i ein samarbeidsavtale mellom kulturskulen/idrettsskulen vår og Field Band Academy og utviklast vidare av desse . Rådmannen har stor tru på at dette kunne bli eit vellukka og jordnært samarbeid, med stort læringspotensiale for begge partar.”

Rådmannen har no drøfta eit samarbeidsprosjekt med CIO Retha Cilliers i Field Band Foundation. Etter dette er det identifisert følgjande samarbeidstiltak:

1. Field Band Academy kan senda studentar på studietur til Masfjorden. Det ideelle tidspunktet for eit slikt studieopphald er for dei november-desember. På dette studieopphaldet kan dei:

- spela i grupper og korps i kommunen
- vera med på idrettsaktivitetar i idrettsskulen og idrettslag
- delta saman med våre lærarar i undervisning og planlegging
- vera med på styremøte og annan aktivitet i frivillige lag for å læra om korleis me driv frivillig lagsarbeid i Noreg
- delta i MOT-prosjektet og vera med våre MOT-instruktørar i planlegging og samlingar
- vera med på konsertar både i kommunen og i distriktet
- vera med på skulane våre både i musikkundervisning og i andre fag

Field Band Foundation peikar på at det er svært mange moglegheiter i eit slikt studieopphald, og at ein må planleggja kvart opphald for seg, slik at det me kan tilby og det dei aktuelle studentane treng, passar godt. Desse studentane har instruktørbakgrunn, og dei kan ha seminar med afrikansk musikk, song og dans både for skular, korps, kor og frivillige lag. Opplegget kan også utvidast, slik at dei musikarane frå Field Band Foundation som studerer i Noreg det året, kjem på vitjing til Masfjorden i denne perioden, og den afrikanske gruppa dermed kan tilby både konsertar og meir undervisning.

2. Field Band Academy ynskjer gjerne at lærarar og ungdom frå Masfjorden kjem på studieopphald til dei. Dei vil då gjerne at:

- våre lærarar arbeider ved akademiet, og held seminar for studentane der. Det er behov for mange fag i tillegg til musikk, t. d. IT, realfag, helse-og idrettsfag, organisasjonsfag.
- våre lærarar er saman med lærarar på akademiet om planlegging og gjennomføring av den ordinære undervisninga
- våre ungdommar deltek i undervisninga som hospiterande studentar

Tidspunktet som passar best for besøk frå Noreg er mai, juni og juli.

Som punkt 2 i vedtaket om internasjonalt samarbeid bad kommunestyret om at rådmannen utgreidde eit mogleg samarbeidsprosjekt med eit utviklingsland om etablering av fornybar energi, gjerne som ein del av Klima og energiplanen. Rådmannen har ikkje kome fram til noko konkret framlegg til tiltak på dette enno, men trur det beste vil vera å knyta kommunen til ein av dei frivillige organisasjonane som arbeider med bistand til utviklingsland. Då kan vi gå inn og bidra til energidelen i hjelpeprosjekt til konkrete lokalsamfunn. Rådmannen vil utgreia dette nærare, og koma attende med framlegg i samband med gjennomføringa av tiltaka i Energi-og klimaplanen.

VURDERING

Rådmannen meiner at kommunen no bør starta opp samarbeidet med Field Band Foundation og planleggja første utveksling i 2012.

Den økonomiske ramma for eit slikt samarbeidsprosjekt kan berre stipulerast. Mykje av dei konkrete kostnadene med eit slikt samarbeid er knytt til reiser for utvekslingsdeltakarane. Flyreise til/frå Bergen kostar no ca 7000 kr. Det er lite kostnader knytt til studieopphalda og opplegget der, då heile tanken må vera å delta i den vanlege kvardagen i landet ein vitjar. Field Band Academy har internat, og deltakarane våre vil bu saman med lærarar og elevar på akademiet. Me vil og vera avhengig av interesserte vertsfamiliar i Masfjorden som kan ta mot og hysa dei afrikanske studentane medan dei er hjå oss. Førebels sonderingar på dette, er positive.

Rådmannen meiner ein bør setja av kr. 50 000 til prosjektet i 2012.

KONKLUSJON

Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune etablerer samarbeidsavtale med Field Band Foundation i Sør Afrika. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale i tråd med saksframstillinga. Administrasjon og gjennomføring av avtalen vert lagt til oppvekst og kultur.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	16.06.2011	047/11	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	28.06.2011	050/11	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-016, N-40	Arkivsaknr.: 11/374
--------------------	---------------------

SAK 50/11 - REGIONAL HELSE- OG OMSORGSPLAN FOR NORDHORDLAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune er positiv til utarbeiding av forslag til ein Regional helse- og omsorgsplan slik det er framstilt i saksutgreiing og forslag til gjennomføring. Regionrådet får fullmakt til å inngå avtale med prosjektleiar til utarbeiding av forslag til ein slik plan. Det vert freista å søkje eksterne midlar til gjennomføring. Kommunen stiller garanti for dekking av sin del av utgifter til prosjektet fram til mulige eksterne midlar er motteke.

2. Arbeidet med helse- og omsorgsplan for Masfjorden vert starta opp. Organisering og framdriftsplan vert lagt fram for kommunestyret snarast.

Finansiering

Heimel

FS-047/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Masfjorden kommune er positiv til utarbeiding av forslag til ein Regional helse- og omsorgsplan slik det er framstilt i saksutgreiing og forslag til gjennomføring. Regionrådet får fullmakt til å inngå avtale med prosjektleiar til utarbeiding av forslag til ein slik plan. Det vert freista å søkje eksterne midlar til gjennomføring. Kommunen stiller garanti for dekking av sin del av utgifter til prosjektet fram til mulige eksterne midlar er motteke.

2. Arbeidet med helse- og omsorgsplan for Masfjorden vert starta opp. Organisering og framdriftsplan vert lagt fram for kommunestyret snarast.

Det skjedde i Formannskapet den 16.06.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka. Han sa at det er eit pilotarbeid som no ligg føre. I høve samhandlingsreforma vil ikkje Masfjorden kunne løysa alle oppgåver åleine, slik at ein regional helse- og omsorgsplan vil vera viktig for Masfjorden.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-050/11 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune er positiv til utarbeiding av forslag til ein Regional helse- og omsorgsplan slik det er framstilt i saksutgreiing og forslag til gjennomføring. Regionrådet får fullmakt til å inngå avtale med prosjektleiar til utarbeiding av forslag til ein slik plan. Det vert freista å søkje eksterne midlar til gjennomføring. Kommunen stiller garanti for dekking av sin del av utgifter til prosjektet fram til mulige eksterne midlar er motteke.

2. Arbeidet med helse- og omsorgsplan for Masfjorden vert starta opp. Organisering og framdriftsplan vert lagt fram for kommunestyret snarast.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Det er sett ei budsjetttramme på ca 500.000 for denne planen. Me vil få dekka 300.000.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte og sa at me har ikkje noko plan no, då den me har er forelda. Me må laga ein ny helse- og omsorgsplan for Masfjorden. Dette har me teke med i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte. Det er lagt opp til at ein skal vera ferdig med planen til årsskiftet.

Det kjem nye krav frå 2012. Det vil bli strengare krav til å ta imot pasientar når dei blir utskrivne frå sjukehus. Masfjorden har ikkje dette problemet. Kommunane blir forventa i større grad å kunna handtera øyeblikkeleg hjelp sjølv og me må setja av ressursar og areal til det. Me har eit godt arbeidsmiljø der dei aller fleste ser positivt på utfordringane i samhandlingsreforma, medan det ikkje er slik i alle kommunar. I tillegg har me ein sjukeheim som har fysisk moglegheit for å gjennomføra dette. Dei tilsette er motiverte til å samarbeida om dette.

Det blir sett ned ei gruppe som skal jobba med helse- og omsorgsplan for Masfjorden kommune.

Dina Dyrhovden, Ap, sa at det er utruleg positivt å høyra våre tilsette i Masfjorden har både vilje og kunnskap til å løyse mange oppgåver lokalt. Me skulle ha snudd vedtaket på hovudet. Det er viktig at me fyrst seier kva me kan gjera sjølv. Dyrhovden spurde om me har ressursar til å utarbeida eigen plan sjølv.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at me har eigne ressursar til dette og det vil vera mest kostnadseffektivt å gjera det sjølv. Me må prøva å halda tidsplanen.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	08.06.2011	Regionrådet Nordhordland IKS v/Anne Hildegunn Fær	Kartlegging av kommunane sitt arbeid med nye krav til helse og omsorgstenesta i kommunane
2	I	08.06.2011	Regionrådet Nordhordland IKS	Regional helse og omsorgsplan for Nordhordland

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN:

Regionrådet Nordhordland har sendt ut saksutgreiing i sak om utarbeiding av regional helse og omsorgsplan for Nordhordland. Ein ynskjer gjennom dette planarbeidet å sikra at kommunane i Nordhordland kan møte utfordringane i samhandlingsreformen på ein kompetent og effektiv måte. Planprosessen skal leggja til grunn dei planane som den enkelte kommune har, og planleggja samarbeidstiltak som er i tråd med nye krav som reformen stiller og dokumenterte behov hjå kommunane.

Frå det regionale helseutvalet/styret i regionrådet har kommunen motteke slik saksutgreiing:

”Regional helse- og omsorgsplan for Nordhordland

- *Planen skal vere ein strategisk plan for interkommunalt samarbeid om helse- og omsorgstenester i Nordhordland*
- *Styret i regionrådet har gjort vedtak om å starte arbeidet med ein Regional helse- og omsorgsplan*
- *Helseutvalet har fått i oppdrag å sette i gang arbeidet i tråd med saksframstillinga*

Samhandlingsreforma skisserer mange og samansette utfordringar som krev stor vilje til samhandling og samarbeid på ulike nivå i kommunane og med spesialisthelsetenesta. Regjeringa legg til grunn at kommunane sjølv må finne fram til egna samarbeidsformer for å sikre at ressursar og kompetanse vert nytta på best mulig måte.

For å møte desse utfordringane ser ein at det er trong for å styrka det gode fundamentet kommunane i Nordhordland har etablert når det gjeld interkommunalt samarbeid.

Dette krev innsats frå fleire hald, mellom anna gjennom utarbeiding av strategiske planar. Arbeidet med samhandling og interkommunalt samarbeid innan helse og omsorgstenesta viser at det er trong for eit felles plan- og styringsdokument for regionen sitt strategiske arbeid med oppfølging av Samhandlingsreforma.

For å vidareføre satsinga på samhandling og samarbeid mellom kommunane i Nordhordland, samt vidareføring og igangsetting av prosjekt innan dei områda kommunane ser har dei største utfordringane vert det vurdert å utarbeide ein felles plan som tydeleggjer dei måla regionen sett seg når det gjeld interkommunale tiltak innan helse- og omsorgstenesta.

Planen skal skissere satsingsområde og vurdere tiltaksplan med milepælar for handsaming i kommunane og realisering av tiltak.

ORGANISERING:

- *Styringsgruppe* - *Helseutvalet*
- *Arbeidsgruppe* - *Strategigruppa supplert med brukarrepresentant*
- *Referansegrupper* - *Fagråd og rådmannsgruppe*

MÅLSETTING:

- *Avklare kva tenestetilbod kommunane skal samarbeide om*
- *Avklare kva tenestetilbod kommunane skal vidareutvikla i samarbeida med spesialisthelsetenesta.*
- *Vurdere modellar for organisering av tenestene*

GJENNOMFØRING:

Arbeidet med planen må sjåast i samheng med kommunane sine strategiske planar for helse- og omsorgstenesta, behov som er avdekka i Nordhordlandsrapporten, føringar i samhandlingsreforma, Nasjonal helse- og omsorgsplan 2011-2015 - St. mld nr.16 (2010–2011), lov om kommunale helse- og omsorgstenester og lov om folkehelsearbeid.

Utgreiing - og kartleggingsarbeidet som er gjort innan kompetanse og rehabilitering, signal frå kommunane gjennom dialogmøte, seminar og innspel frå brukargrupper skal også leggast til grunn for arbeidet med planen.

Fokusområde som planen skal ta utgangspunkt i er definert. Denne lista er ikkje uttømmende, og arbeidsgruppa må kunna justera det undervegs i arbeidet. Endringar skal godkjennast av styringsgruppa.

- *Lærings- og meistringstilbod*
- *Behandling og oppfølging før, i staden for eller etter behandling i sjukehus.*
 - *Rehabilitering*
 - *Medisinsk behandling/oppfølging mellom heim – sjukehus – heim.*
- *Folkehelsearbeid*
- *Samfunnsmedisin og førebyggande helsearbeid sett i eit regionalt og kommunalt perspektiv*
- *Tenester for menneske med psykiske lidningar*
- *Tenester for menneske med rusproblem*

- *Kommunane si rolle ved etablering av desentraliserte spesialisthelsetenester (satellittenester)*
- *Kompetansebygging og rekruttering – system og modellar for kompetansehevande tiltak*
- *Samlokalisering av tenester*
 - o *Innhald i eit Lokalmedisinsk senter/helsehus*
- *Regional IKT og telemedisin*
- *Felles satsing for å få avtalespesialistar til regionen*

Forslag til Regional helse- og omsorgsplan skal utarbeidast i samråd med styringsgruppe, arbeidsgruppe og referansegruppe, og skal til høyring i alle kommunar før den vert sendt til handsaming i den enkelte kommune.

RESSURSAR :

For å realisere arbeidet med ein Regional helse og omsorgsplan er det anslått at 100% stilling i 6 mnd til prosjektleiing vil vere ei fornuftig løysing.

Vidare ser ein at det er ønskeleg å nytta kommunale ressursar som vert kjøpt fri frå si stilling. Det er viktig å bruke kompetanse som er i regionen til slikt arbeid. Det er anslått at arbeidet må ha eit budsjett på kr. 500 000.

For å dekke utgiftene til dette arbeidet vert det freista å søkje eksterne midlar.

Regionrådet har søkt om samhandlingsmidlar for 2011, og tenker at dersom regionen vert tildelt slike midlar kan noko av desse midlane dekke delar av utgiftene til arbeidet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

..... kommune er positiv til utarbeiding av forslag til ein Regional helse- og omsorgsplan slik det er framstilt i saksutgreiing og forslag til gjennomføring.

Regionrådet får fullmakt til å inngå avtale med prosjektleiar til utarbeiding av forslag til ein slik plan. Det vert freista å søkje eksterne midlar til gjennomføring.

Kommunen stiller garanti for dekking av sin del av utgifter til prosjektet fram til mulige eksterne midlar er motteke.”

VURDERING

Rådmannen tilrår at kommunestyret sluttar seg til tilrådinga frå helseutvalet/styret i regionrådet om utarbeiding av ein regional helse- og omsorgsplan. Særleg viktig er det at dei samarbeidstiltaka som vert prioritert, er i tråd med konkrete behov i kommunane. Det vil koma midlar til kommunane frå 2012, men det vil vera naudsynt å prioritera friske midlar inn mot dei tiltaka som er dei viktigaste for å nå måla i samhandlingsreformen.

Arbeidet med ein regional helse- og omsorgsplan skal ta utgangspunkt i behova kommunane har, og sjåast i samheng med kommunane sine strategiske planar for helse og omsorgstenesta. Masfjorden har ein pleie- og omsorgsplan som er forelda. Rådmannen meiner det no er viktig at kommunen nyttar høvet til å utarbeida vårt eige planverk, parallelt med den regionale planprosessen. Dei som skal møta i dei ulike gruppene i vår kommune, bør ha ein kommunal strategi til grunn for arbeidet sitt.

Det er starta drøftingar i leiargruppene og med dei tillitsvalde om gjennomføring av samhandlingsreforma i vår kommune, og vi har fått tilsett folkehelsekoordinator.

Det er alt gjort ein god del arbeid som dannar eit godt grunnlag for gjennomføring av samhandlingsreforma i vår kommune. Rådmannen meiner at vi no må ta dette arbeidet inn i ein formell planprosess, slik at arbeidet vert forankra med mål og strategiar som er vedtekne av kommunestyret.

Konklusjon

Tilråding til vedtak:

- 1. Masfjorden kommune er positiv til utarbeiding av forslag til ein Regional helse- og omsorgsplan slik det er framstilt i saksutgreiing og forslag til gjennomføring. Regionrådet får fullmakt til å inngå avtale med prosjektleiar til utarbeiding av forslag til ein slik plan. Det vert freista å søkje eksterne midlar til gjennomføring. Kommunen stiller garanti for dekking av sin del av utgifter til prosjektet fram til mulige eksterne midlar er motteke.**
- 2. Arbeidet med helse- og omsorgsplan for Masfjorden vert starta opp. Organisering og framdriftsplan vert lagt fram for kommunestyret snarast.**

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.06.2011	050/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	28.06.2011	051/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-563.2	Arkivsaknr.: 11/228
----------------	---------------------

SAK 051/11 - JUSTERT INVESTERINGSPLAN FOR KOMMUNALE VEGAR 2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

For 2011 vert det gjennomført følgjande investerringtiltak kommunale vegar;

1) Haugsdalen bru

2) andre tiltak

1. Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret	140 000
2. Asfaltering	Kvingedal	Ca 550 m	210 000
3. Asfaltering	Mollandsvegen	Deler av veggen frå kryss FV 57 til snuplass Molland	300 000
Grøfting	Kommunevegar		100 000
Krattrydding	Kommunevegar		100 000
Grusing	Kommunevegar v/grusdekke		150 000
Samla sum			1 000 000

Finansiering

Er innarbeidd i 2011 budsjettet

Heimel

Budsjett 2011 – økonomireglement m.m.

FS-050/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

For 2011 vert det gjennomført følgjande investerringtiltak kommunale vegar;

1) Haugsdalen bru

2) Andre tiltak

1. Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret	140 000
2. Asfaltering	Kvingedal	Ca 550 m	210 000
3. Asfaltering	Mollandsvegen	Deler av vegen frå kryss FV 57 til snuplass Molland	300 000
Grøfting	Kommunevegar		100 000
Krattrydding	Kommunevegar		100 000
Grusing	Kommunevegar v/grusdekke		150 000
Samla sum			1 000 000

Det skjedde i Formannskapet den 21.06.2011:

Saka vart drøfta.

Willy Borge, Frp, stilte spørsmål om grunngeving for prioriteringa av Mollandsvegen. Rådmannen Lovisa Midtbø svara at det hadde vore mykje vedlikehaldsarbeid på Mollandsvegen som er grunnen til dette.

Vigdis Søvik, Sp, spurde etter kart som synte kva snuplass dette gjeld på Molland. Rådmann Lovisa Midtb sa at kart ville bli lagt fram til kommunestyret.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 4 røyster mot 1 røyst. (Frp)

KS-051/11 VEDTAK :

For 2011 vert det gjennomført følgjande investeringstiltak kommunale vegar;

1) Haugsdalen bru**2) Andre tiltak**

1. Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret	140 000
2. Asfaltering	Kvingedal	Ca 550 m	210 000
3. Asfaltering	Mollandsvegen	Deler av vegen frå kryss FV 57 til snuplass Molland	300 000
Grøfting	Kommunevegar		100 000
Krattrydding	Kommunevegar		100 000
Grusing	Kommunevegar v/grusdekke		150 000

Samla sum

1 000 000

Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Rådmann Lovisa Midtbø synte til formannskapsmøte den 21.06.11 der Sp spurde etter kart over Mollandskryssset. Kartet vart utdelt.

Willy Borge, Frp, sa at Areklettvegen bør prioriterast framfor Mollandsvegen.

Grusing må gjerast på alle kommunale vegar.

Borge sette fram endringsforslag på punkt 2 i formannskapet sitt framlegg om å ta midlane som er står på Mollandsvegen og bruka på Areklettvegen så langt dei rekk.

2) Andre tiltak - endringsframlegg

1. Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret	140 000
2. Asfaltering	Kvingedal	Ca 550 m	210 000
3. Asfaltering	Areklettvegen		300 000
Grøfting	Kommunevegar		100 000
Krattrydding	Kommunevegar		100 000
Grusing	Kommunevegar v/grusdekke		150 000
<i>Samla sum</i>			<i>1 000 000</i>

Borge ba om ei liste over kva kommunale vegar som enno ikkje er asfaltert vert lagt fram for kommunestyret til hausten.

Dina Dyrhovden, Ap, sa at vegvedlikehald er viktig, men at rammene må haldast.

Karstein Totland, H, sa at prioriteringa her er gjort ut i frå kor det er størst behov og Høgre vil gå for tilrådinga frå formannskapet.

Røysting:

Pkt 1 Haugsdalen bru i tilrådinga frå formannskapet: Samrøystes vedteke

Pkt 2 Andre tiltak i tilrådinga frå formannskapet vart røysta opp mot endringsframlegget frå Frp.

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 15 mot 2 røyster. (Frp)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	28.03.2011	Oppsitjarane på Kjetland	Vedlikehald av vegen til Kjetland
2	I	25.04.2011	Bjarne Rambjørg	Purring på utføring av vegvedlikehald m.m. SV: Vedrørande vedlikehald av kommunal veg til Rambjørg.

Notat/oppsett frå TML v/Liv Oda Dale på vegne av Kurt Gjerde av 31.05.2011

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Ajourføring av tidlegare vedtekne vedlikehaldsplan for kommunale vegar, og rullering av denne ut i frå endra behov og melding gitt til Kommunestyret tidlegare i år.

UTTALE

«Sdo_Tittel»jf. notat/sakstiltfang

Ferdig utført pr 2011

Tiltak	Adresser	Beskrivelse	Estimerte kostnader inkl mva
Asfaltering	Matre	Veg til basseng og parkeringsplass	
Asfaltering	Solheimslia	Fv 379 Solheim kai retning Vågset ca 500 m	
Asfaltering	Kalhovda – sideveg mot nordøst	Frå kommuneveg	
Asfaltering	Indre Hope	Rest på 300 m	
Asfaltering	Stokkevikfeltet	Rest på ca 200 m ved enden av vegen	
Asfaltering	Sandnes skule	Veg til brannstasjon og skuleplass	

Planlagt tiltak 2011

1. Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret	140 000
2. Asfaltering	Kvingedal	Ca 550 m	210 000
3. Asfaltering	Mollandsvegen	Deler av veggen frå kryss FV 57 til snuplass Molland	300 000
Grøfting	Kommunevegar		100 000
Krattrydding	Kommunevegar		100 000
Grusing	Kommunevegar v/grusdekke		150 000
Samla sum			1 000 000

**Uprioritert liste
2012**

Asfaltering	Kalhovda	Frå kryss kommuneveg stikkveg mot nordøst – ca 800 m	300 000
Asfaltering/heving av vegbane	Tangedal	Heving av parti på veggen ved Tangedalsvatnet grunna oversvømmelse	100 000
Asfaltering	Areklettvegen	Frå Skjelsundet bru til snuplass Arekletten – ca 3,4 km	1 100 000

FAKTA

Det er i 2011 budsjettet innarbeidd Haugsdalen bru med 1,733 mill.kr. og generelt 1 mill.kr., og samla netto 2,733 mill.kr. til kommunale vegar. Brutto utgjør løyvinga 3.416.000 inkl. mva. med 683.000,-.

Eksisterande vedlikehaldsplan kommunale vegar (Kommunestyresak 97/08, av 11.12.2008) er til dels kraftig forsert med ekstraløyving og tiltak 2009. viser i denne samanheng m.a. til kommunen si årsmelding 2009 (side 6) med spesifisering av tiltak. I 2009 vart det samla brukt om lag 5 mill.kr. på kommunale vegar. 2010 vart det gjennomført investeringar med om lag 200.000,- og ein del mindre enn budsjettet. Planen var at desse tiltaka skulle vidareførast i 2011.

Kommunale vegar – investeringsbudsjettet (saldert)**KS-056/10 VEDTAK:**

1. Utbetringar Haugsdal bru vert lagt ut på anbod, og teke opp som eiga løyvingssak.
2. konkretisering av investeringstiltak kommunale vegar 2010;

Tiltak	Adresse	Beskrivelse	<i>Estimerte kost. kr. Eks mva</i>
Bru vedlikehald	Kommunale bruer	Sjå eigen rapport om bruvedlikehald datert 21.05.2010	

		Rapporten omfattar inspeksjon av alle dei 11 kommunale bruene kommunen. Den estimerte totalkostnaden på kr 645.000,-som det vert synt til i rapporten omfattar ikkje reparasjon av Haugsdal bru.	490.000,-
Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret	110.000,-
Flomsikring	Veg til Storemyr		200.000,-

Investeringsbudsjettet for 2011 er historisk høgt, med høg lånefinansiering. Brutto utgjer løyvinga kommunale vegar 2011 kr. 3.416.000.

Siste års vintrar har gått hardt utover kommunale vegane, slik at ein har endra prioritering etter reelle behovsendingar – ein del av vegane er kraftig nedbrøyt/forringa, stort behov for grøfting, etterslep vedlikehald, skog som vegr inn i veg og generelt vanskeleg å få folk/selskap til å utføre arbeid.

Investeringar 2011 (og sommarvedlikehald)

Tiltak	Adresser	Skildring	Estimerte kostnader
Asfaltering	Areklettvegen	Frå Skjelsundet bru til sнопlass Areklett	950 000 investering
Grusing	Kommunevegar m/ grusdekke		100 000 drift
Krattrydding	Kommunevegar		100 000 drift
Grøfting	Kommunevegar		100 000 drift
tilleggstiltak utover planlagde tiltak 2011(KS 97/08 av 11.12.08)/utsett tiltak;			
Asfaltering	Skaret		110 000 investering
Heving av vegbar	Tangedalsvegen	Ca. 100 m av kommunevegen v/ Tangedalsvatnet	100 000 investering
Asfaltering	Kvingedal	Delar av vegen i ca. 300 m	100 000 investering
Asfaltering	Knappen	Delar av vegen. Rep. teleskade	15 000 drift
Asfaltering	Tangedal	Reperasjonsarbeid beskreve over	40 000 drift
Samla investering kommunale vegar 2011			1 260 000
Sommarvedlikehald kommunale vegar 2011			355 000
			1 615 000

NB. Arbeid planlagd (frå 2011 -15) kan medføre omprioriteringar! Utbetring av strakstiltak og liknande.

KONKLUSJON

Ein har ajourført langtidsplan kommunale vegar, for tiltak 2011 – ut i frå endra behov og oppdatert synfaring – tilrår ein følgjande tiltak.

1. Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til sнопlass i Skaret	140 000
2. Asfaltering	Kvingedal	Ca 550 m	210 000
3. Asfaltering	Mollandsvegen	Deler av vegen frå kryss FV 57 til sнопlass Molland	300 000
Grøfting	Kommunevegar		100 000
Krattrydding	Kommunevegar		100 000
Grusing	Kommunevegar v/grusdekke		150 000

+ Haugsdalen bru innafor anbod og godkjent prosjekt.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	28.06.2011	007/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	28.06.2011	052/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1, N-611	Arkivsaknr.: 11/102
-----------------------	---------------------

SAK 052/11 - STORDALEN FJELLSTOVE - SØKNAD OM TILSKOT TIL UTBYGGING OG VIDAREUTVIKLING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune ser positivt på planane om utbygging og vidareutvikling av Stordalen Fjellstove. Kommunen vil arbeida for å få på plass investeringar i tenleg og naudsynt infrastruktur fram til hotellet, som opprusting av kommunal veg og etablering av breiband.
2. Søknaden om støtte på kr. 1 mill til prosjektet, fell utanfor beløpsgrensene i Kraftfondet og kan derfor ikkje imøtekomast.
3. I samsvar med retningslinene i Kraftfondet ynskjer kommunen at prosjektet bør fremjast med søknad om støtte til Innovasjon Noreg. Kommunen vil følgja opp ein slik søknad i samarbeid med søkjar.

Finansiering

Heimel

KS-052/11 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune ser positivt på planane om utbygging og vidareutvikling av Stordalen Fjellstove. Kommunen vil arbeida for å få på plass investeringar i tenleg og naudsynt infrastruktur fram til hotellet, som opprusting av kommunal veg og etablering av breiband.
2. Søknaden om støtte på kr. 1 mill til prosjektet, fell utanfor beløpsgrensene i Kraftfondet og kan derfor ikkje imøtekomast.

3. I samsvar med retningslinene i Kraftfondet ynskjer kommunen at prosjektet bør fremjast med søknad om støtte til Innovasjon Noreg. Kommunen vil følgja opp ein slik søknad i samarbeid med søkjar.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, KrF, sa at dette er eit positivt prosjekt for kommunen og for Stordalen fjellstøve. Det er viktig at ein held seg til regelverket i kraftfondet og det er bra at kommunen går inn og hjelper til å få på plass infrastruktur og breiband.

Dina Dyrhovden, Ap, sa at det er viktig for søkjar at me har ein positiv ordlyd i vedtaket vårt.

Kjell Løvik, H, sa det er flott at lokale interessentar er med på dette prosjektet. Dette er ei vidareutvikling av området i Stordalen. Viktig at kommunen er ein aktiv partner i høve kontakt med Innovasjon Noreg.

Greitt framlegg og oppfordrar kommunen til å hjelpa dei med å få prosjektet i hamn.

Vigdis Søvik, Sp, sa at Senterpartiet er veldig positive til utbygginga. Føler at dei har god kontroll på prosjektet og ser med velvilje på at veggen og brua vert sett i stand slik at bussar og andre køyretøy kan koma fram.

Willy Borge, Frp, sa det er kjekt å høyra at dei andre partia støttar fritidseigedomar og hotell drift i Stordalen. Men her kan det vera kostnader ein ikkje heilt veit kor store dei vil bli.

Karstein Totland, opplyste om at det er kommunal veg fram til hotellet.

Røysting:

Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

KRFT-007/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Masfjorden kommune ser positivt på planane om utbygging og vidareutvikling av Stordalen Fjellstove. Kommunen vil arbeida for å få på plass investeringar i tenleg og naudsynt infrastruktur fram til hotellet, som opprusting av kommunal veg og etablering av breiband.

2. Søknaden om støtte på kr. 1 mill til prosjektet, fell utanfor beløpsgrensene i Kraftfondet og kan derfor ikkje imøtekomast.

3. I samsvar med retningslinene i Kraftfondet ynskjer kommunen at prosjektet bør fremjast med søknad om støtte til Innovasjon Noreg. Kommunen vil følgja opp ein slik søknad i samarbeid med søkjar.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 28.06.2011:

Saka vart drøfta og alle parti var positive til tiltaket og ba om at ordførar og rådmann føl opp saka saman med tiltakshavarane.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedtek.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	04.02.2011	Stordalen Fjellstove v/arbeidsgruppa Hans Henrik	Stordalen Fjellstove - søknad om tilskot til utbygging og vidareutvikling
2	I	04.02.2011	Stordalen Fjellstove v/Hans Henrik Fanebust	Investerings- driftsbudsjett for Stordalen Fjellstove

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Stordalen Fjellstove har søkt om stønad frå kraftfondet på 1.mill. kr til utbygging og oppgradering av fjellstova. Utbyggingsprosjektet inneber utbygging av fullverdig hotell i Stordalen.

FAKTA

Det ligg føre slik søknad :

Stordalen Fjellstove v/ arbeidsgruppe

Hans Henrik Fanebust
Mangersnesvegen 75
5936 Manger

Masfjorden kommune
v/ ordfører Håkon Matre
5981 Masfjordnes

MASFJORDEN KOMMUNE	
Sak nr. 11/102	Post
Dok.nr.	
08 FEB 2011	
Saksh: SHH	Kopi: HMA
Arkiv: 105.1	Arkiv:
Kassasjonsår	Gradering

Manger, 4.02.11

SØKNAD OM TILSKOT TIL UTBYGGING OG VIDAREUTVIKLING AV STORDALEN FJELLSTOVE.

Vi viser til samtale med ordfører og rådmann i dag, og sender med dette søknad om tilskot pålydande 1. mill. NOK til utbygging og vidareutvikling av Stordalen Fjellstove.

Bakgrunn for søknaden er eit ynskje om å byggje ut Stordalen Fjellstove til å bli eit fullservicetilbod og med det auke kundegrunnlaget. Ei utbygging vil gje eit viktig løft både for fjellstova, men også for Stordalen som eit attraktivt reisemål.

Stordalen Fjellstove (eigedomsselskapet) er i dag eigd av Hans Henrik Fanebust, og prosjektgruppa er i ein emisjonsprosess for å hente inn ny kapital på 8 mill. Det er gjennomført eit forprosjekt som syner at prosjektet har eit mogleg innteningspotensiale. Likevel, marginane er ikkje store og heller ikkje avkastninga. Ei utfordring vil dermed også vere å finne dei rette investorane, med lokalt engasjement. Eit tilskot frå Masfjorden kommune vil heilt klart vere eit avgjerande bidrag til å realisere prosjektet. Det vil også synleggjere kommunen si satsing for utvikling av området. Stordalen Fjellstove vil vere ein viktig berebjetke i totaltilbodet for Stordalen, både for fot- og skituristar, dagsturistar, camping- og hyttefolk, samt kurs- og konferansegjester. I dag finst det ingen gode konferansefasilitetar i Masfjorden, så dette vil også vere eit flott bidrag til å styrke attraktiviteten for kommunen.

Investeringane for utbygginga er kostnadsrekna til 18 mill. Finansieringa er planlagt i form av lån og tilskot på 10 mill., samt medinvestorar med 8 mill. Husleigeinntekter frå nytt driftsselskap vil vere den største inntektskjelda for selskapet, men òg sal av 20 hyttetomter vil vere eit viktig bidrag.

Prosjektgruppa håper at Masfjorden kommune ser utbygginga av Stordalen Fjellstove som eit viktig samfunnstiltak og har høve til å bidra med 1 mill. kroner til prosjektet. Prospekt for utbygginga, samt investerings- og driftsbudsjett for eigedomsselskapet ligg vedlagt søknaden. Vi legg også ved driftsbudsjett for nytt driftsselskap. Marknadsrapport og analyse har vore eit viktig grunnlagsdokument i den samanheng, og ligg også ved. Eit kort samandrag frå marknadsanalysen vil kunne ettersendast om ønskeleg.

Med vennleg helsing



Hans Henrik Fanebust



Bjørnar Vik



Steinar Østerbø

I møtet med ordfører og rådmann har arbeidsgruppa også lagt fram planlagt investeringsdriftsbudsjett for hotell i Stordalen.

Masfjorden kommune har tidlegare støtta forprosjektet som utgreidde spørsmålet om bygging av hotell i Stordalen. Det vart då vurdert bygging av nytt hotell på annan tomt. Forprosjektet konkluderte med at det ikkje var økonomisk forsvarleg å ta kostnadene ved å etablere eit heilt nytt hotell. Etter dette har arbeidsgruppa arbeidd ut eit nytt prosjekt som ein no arbeider for å realisera. Dette er ei utbygging ved Stordalen fjellstove som vil gje eit fullverdig hotell i Stordalen. Prospekt for utbygginga ligg ved saka. Denne løysinga utnyttar eksisterande bygningar ved fjellstova og byggjer desse saman ved etablering av ei ny fløy.

Hotell i Stordalen vil gje auka trafikk, og vil krevja opprusting av den kommunale vegen og bruene på denne strekninga. Etablering av breiband til hotellet er avgjerande både for marknadsføring/bestilling og for at gjestane skal vera online. Dette er utfordringar som kommunen må pårekna å vera med å løysa.

VURDERING

Stordalen har eigen kommunedelplan, utarbeidd i samarbeid med Høyanger kommune. Masfjorden kommune har arbeidd aktivt for Stordalen som fritidsområde, og både etableringa av Stordalen skitrekke og den pågåande oppgraderinga av vegen er viktige tiltak for å oppnå dette. Stordalen har over tid vore utvikla som område for private hytter og friluftsliv både sommar og vinter. Stordalen er eit godt utgangspunkt for fjellturar. Etablering av skitrekke har gitt området eit ekstra løft. Stordalen fjellstove har vore opprusta, og har hatt god drift dei seinare åra. Men fjellstova er for liten, og kan ikkje tilby nok overnattingskapasitet og tenlege lokalitetar for større selskap, kurs og konferansar.

Utbygging til hotell vil vera eit nytt løft for Stordalen som aktivitets- og fritidsområde, og heilt i tråd med dei visjonane kommunen har for området. Masfjorden kommune må ta bygging av hotell i Stordalen med i vidare planlegginga når ein prioriterer infrastrukturtiltak, som opprusting av kommunal veg og bygging av breiband. Vegen frå fylkesveg til fjellstova er kommunal, og utbetring må kostnadsrekna og leggest inn i budsjett og økonomiplan.

Masfjorden kommune støtta forprosjektet, jfr k-sak 106/08. Kommunen løyvde då kr 100 000 til føremålet. I saka vart det presisert at det kommunale kraftfondet berre var aktuelt som finansieringskjelde til forprosjektet, og ikkje til ei eventuell realisering av sjølve hotellbygget i Stordalen.

Beløpsgrensene for støtte gjennom Kraftfondet til investeringar, er kr. 200 000 i tilskot og kr. 500 000 i lån. Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt, og retningslinene for kraftfondet seier at for prosjekt med eit samla kapitalbehov på over kr 500 000 skal søkjar avklara mogleg støtte gjennom Innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar før kraftfondet tek saka opp til handsaming. Kommunen har både politisk og administrativt hatt kontakt mot Innovasjon Noreg om hotellprosjektet i Stordalen, og vurderer etter det at prosjektet bør fremjast for Innovasjon Noreg. Kommunen vil følgja opp ein slik søknad i samarbeid med søkjar.

KONKLUSJON

Kommunen er på alle vis positiv til at det vert etablert hotell i Stordalen. Kommunen vil arbeida for å få på plass investeringar i tenleg og naudsynt infrastruktur fram til hotellet, som opprusting av kommunal veg og etablering av breiband.

Prosjektet har eit samla kapitalbehov på over kr 500 000. I tråd med retningslinene for Kraftfondet, tilrår rådmannen at prosjektet først vert fremja for Innovasjon Noreg.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.06.2011	053/11	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-034, N-PERM AVTALAR	Arkivsaknr.: 06/752
------------------------------	---------------------

SAK 053/11 - UTBYGGING AV MOBILNETTET I MASFJORDEN - EIGENFINANSIERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune løyver inntil brutto kr 700.000 til utbygging av mobilsamband i området Hosteland-Kvamsdal-Byrkjeland og i Indre Haugsdal i samarbeid med Telenor.
2. Løyvinga føreset ekstern finansiering av prosjekta med 2/3 av totalkostnaden.

Finansiering

Kraftfondet/Budsjettrevisjon pr 1. halvår 2011?

KS-053/11 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune løyver inntil brutto kr 700.000 til utbygging av mobilsamband i området Hosteland-Kvamsdal-Byrkjeland og i Indre Haugsdal i samarbeid med Telenor.
2. Løyvinga føreset ekstern finansiering av prosjekta med 2/3 av totalkostnaden.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka og strekkingar der det er dårleg mobildekning. Det har kome ein sendar på Sleire. Telenor har sagt at det ville kosta 10 – 15 mill. for å få fulldekning.

Det er bra at det no har kome sentral medverknad til utbygging, og at det no er lyst ut gjennom fylkeskommunen midlar til utbygging. Frist for å søkja er sett til 8. juli. Eigendelen må vera 1/3 del. Masfjorden har ikkje tidlegare fått midlar til mobilutbygging.

Finansieringsdelen må takast opp att i kommunestyremøte i august.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at det er viktig å få utbygd mobilnettet i kommunen. Det er viktig for å få folk til å flytta til kommunen at dette er på plass. Det har vore tilfelle der folk har vegra seg for å flytta til Masfjorden på grunn av dette. Dersom me ikkje får tilskot frå fylkeskommunen blir det ikkje aktuelt å løyva pengar frå kommunen.

Vigdis Søvik, Sp, sa det er godt å sjå at saka er kome så langt at me har ein sum å halda oss til. Søvik sa at ho veit kor mykje det betyr å ha mobildekning. Det bekreftar det som rådmannen seier at folk vegrar seg for å flytta til Masfjorden. På bygdemøte i Indre Haugsdalen kom det tydeleg fram kor viktig det er få mobildekning.

Liv Oda Dale, Ap, sa at det er bra at det no ser ut til at me kan få på plass mobildekning og seier seg samd med Senterpartiet i dette. Dale håpar at me no får ein så god søknad av garde at me får pengane. Dale spurde og om ordføraren kunne sei noko om breiband og kva delar av kommunen som ikkje har det.

Ordførar Håkon Matre svara at den einaste plassen han veit om er Fossen. Det er ikkje spesielle ting på gang i høve breiband anna enn at Telenor er i gong med å utbetra nettet sitt.

Karstein Totland, H, sa at dette er eit bra tiltak og at me no har moglegheit til å få realisert utbygginga av mobilnettet. Men det er og nokre soner på sørsida som ikkje har mobildekning. Det er frå Elvik til Kvingo. Her må kommunen pressa på dei aktørane som har master på andre sida av fjorden.

Willy Borge, Frp, sa at me er ein griskrendt kommune som vil ha fleire innbyggjarar. Det er viktig å ha eit tilbod slik at ikkje alle treng å bu på dei mest sentrale plassane i kommunen for å få mobildekning.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
14	I	12.07.2010	Telenor AS	Intensjonsavtale mellom Telenor AS og Masfjorden kommune i underskriven stand
17	I	11.03.2011	Telenor AS	Intensjonsavtale mellom Masfjorden kommune - Gulen kommune og Telenor Norge AS
18	I	14.06.2011	Hordaland fylkeskommune	Invitasjon til søknader på mobildekning

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

I Masfjorden kommune er det mange områder med manglande eller dårleg mobildekning, - såkalla "kvite flekkar". I dei fleste tilfelle gjeld dette korte strekningar langs vegane (td. Fv 570), men det er også større samanhengande område med 20-40 husstandar utan dekning, som i området Hosteland-Kvamsdal-Byrkjeland og i Indre Haugsdal.

Masfjorden kommune har i mange år hatt kontakt i Telenor-systemet om desse utfordringane, og det vart for 4-5 år sidan vurdert å ha ein investeringskostnad på 11-15 millionar å sikra full mobildekning i kommunen. På den tida var det spesielt fokus på full dekning langs viktige vegar, t.d. E39, men også Fv 570 vart sjekka ut for å lokalisera dårleg/manglande dekning. Det har vore vurdert å dekkja dei kvite flekkane langs Austfjordvegen frå Lindås-sida, men det har ikkje vore konkret framdrift i arbeidet.

Telenor sine utbyggingsplanar har ikkje vorte realiserte i det tempoet som vart antyda for 4-5 år sidan, og det manglar t.d. enno noko på 100% dekning langs E39 frå Bergen til Sognefjorden. I Masfjorden er det berre ny sendar på Sleire som er realisert i løpet av den siste 4-årsperioden. Sikker vidare utbygging i rein Telenor-regi kan neppe reknast med.

HØYRING

UTTALE

FAKTA

Telenor har i det siste i avgrensa omfang gått inn i ordningar der dei dekkar kostnadane for radioutstyr, samband og montering av basestasjonsutstyr, mot at kommunane tar kostnadane med oppsetjing av naudsynte master og straumforsyninga til dei. Ei slik ordning inngjekk Masfjorden kommune og Telenor intensjonsavtale om i fjor sommar for dei to områda denne saka omfattar. Intensjonsavtalen inneber at Telenor skal utgreia tekniske løysingar og kostnader som grunnlag for kommunen sine vurderingar og eventuelle vedtak om å inngå bindande avtale om utbygging. Undervegs er dette også utvida til eit samarbeid med Gulen kommune for å kunne dekkja nokre abonnentar i øvre del av Ynnesdalen.

Telenor har no utgreidd området Hosteland-Kvamsdal-Byrkjeland, medan vi framleis ventar på oppsettet for Indre Haugsdal. For Hosteland-Kvamsdal-Byrkjeland har vi også fått kostnadsoppsett frå BKK for straum til den aktuelle nye masta på Nuten ovanfor Byrkjeland. Totalkostnad for prosjektet er kr 980.000,- (eks MVA).

For Haugsdal vil det også vera behov for oppsett av ei mast, men straumtilførsla vert truleg noko enklare enn for Nuten, og masta med tilhøyrande hus også truleg litt mindre. I mangel av endeleg kostnadsoppsett frå Telenor vert kostnaden for område 2 vurdert til totalt kr 600.000,- (eks MVA).

Dei kostnadane Telenor ikkje dekkar vert såleis til saman kr 1.580.000,- (eks MVA).

Hordaland fylkeskommune har i skriv datert 14. juni invitert til søknad om finansieringsbistand til utbygging av mobilnettet i kommunane i fylket. Midlane vert stilt til rådvelde av Kommunal- og regionaldepartementet etter fastsette retningslinjer:

- "Midlene skal brukes innanfor det distriktspolitiske virkeområdet
- Midlene skal brukes til aksessnett, ikke til drift
- Områder som ikke har tilbud om mobildekning, skal prioriteres
- Tilskudd skal gis etter konkurranse
- Både husstander, næringsliv og offentlig sektor skal dekkes.
- Tilskuddet må sikre at det blir anledning til konkurranse på tjenester og innhold.
- ESA-retningslinjer for offentlig støtte til bygging av bredbånd/mobildekning må følges.

"Våre" prosjekt tilfredsstillar desse retningslinjene, og vi må difor kunna rekna med ein ekstern stønad på 2/3 av totalbeløpet. Nettokostnaden for Masfjorden kommune vil etter desse utrekningane verta kr 560.000,-.

VURDERING

Utbygging av infrastruktur i form av breiband og mobiltelefondekning er svært viktig for bustadutviklinga i Masfjorden kommune. Vi har gjennom dei siste åra hatt fleire tilfelle der planlagt og ønskt tilflytting har vore heilt avhengig av at desse elementa er på plass. Når det gjeld dei aktuelle områda, har også Masfjorden kommune eigeninteresse i å få mobildekninga på plass. Både for heimetenestene og brøyteoperatørane er manglande mobildekning i dag ei utfordring.

Vi har i mange år sett ein tydeleg tendens til at utbygginga av mobilnettet stoggar opp i grisgrente strom. Masfjorden er topografisk sett ein svært utfordrande kommune for både breiband- og mobiltelefondekning. I dei siste 5-6 åra har breibandutbygging vore prioritert når det gjeld tilskot frå sentralt og regionalt hald (Høykom, departement og fylkeskommune).

For første gong er det no frå Hordaland fylkeskommune lyst ut midlar som er direkte retta mot mobiltelefondekning. Med ekstern dekning av 2/3 av kostnadane, er dette ein sjanse som rådmannen meiner Masfjorden kommune ikkje må la gå frå seg.

Det er frå Telenor signalisert at det ikkje er aktuelt med nye avtalar om "samvirkeutbygging" i den forma vi no har intensjonsavtale om. Dette kan bety at ei eventuell ny utbygging må dekkast fullt ut av kommunane. Det må likevel kunne påreknast ei utbygging og forsterking av Telenor sitt nett som sikrar betre dekning spesielt langs fylkes- og riksvegane.

KONKLUSJON

Masfjorden kommune bør prøva å få dei to aktuelle utbyggingsområda med i søknadsprosessen for tilskot frå Hordaland fylkeskommune med frist 8. juli 2011. Rådmannen rår difor til at det vert gjort slikt vedtak om kommunal medfinansiering i prosjekta:

1. Masfjorden kommune løyver inntil brutto kr 700.000 til utbygging av mobilsamband i området Hosteland-Kvamsdal-Byrkjeland og i Indre Haugsdal i samarbeid med Telenor.
2. Løyvinga føreset ekstern finansiering av prosjekta med 2/3 av totalkostnaden.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.06.2011	054/11	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-105.1, N-146	Arkivsaknr.: 10/844
-----------------------	---------------------

SAK 054/11 - KLAGE PÅ POLITISK VEDTAK I KS SAK 027/11 - AVSLAG PÅ FRØYSET VASSVERK SIN SØKNAD OM LÅN/TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

KS-054/11 VEDTAK:

Klagen vert ikkje teke til følgje.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:

Saka vart drøfta.

Karstein Totland, H, sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Det vert gjeve eit lån på 120.000 til Frøyset vassverk frå kraftfondet.
2. Lånet skal sikrast med pant i anlegget.
3. Frist for å nytte lånet er 28.06.2013.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 vekere.

Vigdis Søvik, Sp, vil be kommunestyret ta klagen til fylgje. Senterpartiet opprett sitt framlegg frå kommunestyret den 28.04.11

- Det vert gjeve støtte til Frøyset vassverk i form av tilskot med 60.000 til gjennomførte Investeringar utført i 2010.
- Det vert innvilga lån på kr. 120.000 til utviding av kapasitet i form av eit ekstra borehol i 2011.
- Tildelinga av tilskot og lån vert knytt opp mot § 2 i vedtektene.
- Forskjellen er at kommunen ikkje kan tilby tilknytning.

Liv Oda Dale, Ap, ba om gruppemøte før røysting.

Marit Steinestø, KrF, opprettheld pkt 1 i vedtaket frå Kommunestyret 28.04.2011 der det vart gjeve avslag på lån og tilskot og gjer framlegg om at;

Klagen ikkje vert teke til følgje.

Per Einar Langhelle, sa at Venstre seier seg samd med KrF.
Langhelle spurde om forklaring på eit kulepunkt 2 i klagen:
Kyrkja er ei bedrift og det same er gardsbruket 7/1.

Kjell Løvik, H, sa at han vil oppfordra kommunestyret til og å tenkja litt på dei som allereie er etablert i kommunen. Vil be kommune styret vera såpass romslege at dei kan gje ei handsrekning til Frøyset vassverk med eit lån med garanti i verket. Høgre er interessert i eit gruppeleiar møte.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at det er formidla til andre søkjarar at ordningane med støtte til private vassverk og vegar er avvikla. Likebehandling er viktig. Ein må vurdere kva konsekvensar det vil ha med å opna for slik støtte på nytt. Me veit at det kan vera mange andre som vil søkja dersom det blir positivt vedtak i denne saka.

Kjell Løvik, H, presiserte at dette er eit lån og ikkje tilskot og det er ein vesentleg skildnad.

Møte vart heva og det vart gruppemøte.

Møtet vart sett.

Liv Oda Dale, Ap, sa at **Ap** står fast på pkt 1 i vedtaket frå kommunestyret den 28.04.2011 om at det ikkje vert gjeve støtte til Frøyset vassverk. Klagen vert ikkje teke til følgje.

Karstein Totland, H, opprettheld sitt framlegg.

Vigdis Søvik, Sp, opprettheldt framlegget frå kommunestyret 28.04.11.

Liv Oda Dale, Ap, sa at me beklagar at det ikkje har blitt gjeve svar til søkjar på søknad og purringar og at dei ikkje har blitt ivaretekne slik dei skulle.

Marit Steinestø, KrF, sa at ho støttar Ap og beklagar at søkjar ikkje har fått svar på søknad og brev. Det er viktig at administrasjonen bestrebar seg på å fylgja lovbestemte fristar overfor innbyggjarar som kontaktar kommunen.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over Senterpartiet sitt framlegg.

Framlegget frå Sp fekk to røyster og fall.

Høgre sitt framlegg og KrF sitt framlegg vart så røysta opp mot kvarandre.

KrF sitt framlegg om at klagen ikkje vert teken til følgje vart vedteke med 12 røyster mot 5 røyster. (Tre frå Høgre og Sp)

Vedtak: Klagen vert ikkje teke til følgje.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	03.11.2010	Frøyset vassverk v/Bjarne Håheim	Frøyset vassverk - Søknad om lån og tilskot i kraftfondet
2	I	03.02.2011	Frøyset vassverk v/Bjarne Håheim	Etterlyser svar på Frøyset vassverk sin søknad til kraftfondsstyret
3	I	17.02.2011	Styret for Frøyset vassverk	Klage på manglende svar og handsaming av Frøyset vassverk sin søknad til kraftfondsstyret
4	U	24.02.2011	Frøyset vassverk v/Bjarne Håheim	Vedk. søknad støtte kraftfondet Frøyset vassverk
6	I	07.03.2011	Frøyset vassverk v/Bjarne Håheim	Årsmelding 2010 for Frøyset vassverk
7	I	12.03.2011	Frøyset vassverk v/Bjarne Håheim	Referat frå årsmøte i Frøyset vassverk
8	U	11.05.2011	Frøyset vassverk v/Bjarne Håheim	Melding om politisk vedtak - Frøyset vassverk - Søknad om lån og tilskot i kraftfondet
9	I	22.05.2011	Frøyset vassverk v/styret	Klage på politisk vedtak i KS sak 027/11 - Avslag på Frøyset vassverk sin søknad om lån/tilskot frå kraftfondet

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det har kome inn klage på politisk vedtak i KS sak 028/11 - Avslag på Frøyset vassverk sin søknad om lån/tilskot frå kraftfondet . **Klagen lyder slik:**

Frøyset vassverk
v/styret

Frøyset 19.05.11

KLAGE PÅ POLITISK VEDTAK I SAK KS-027/11 AVSLAG PÅ FRØYSET VASSVERK SIN SØKNAD OM TILSKOT OG LÅN FRÅ KRAFTFONDET.

Frøyset vassverk viser til motteke melding om vedtak, dat. 11.05.11, og til FVL §§28 og 29. Klagen vår går på feil/ manglar i saksutgreiinga som kan ha medvirka til avslaget. Frøyset vassverk vil også klage på handteringa av saka jmf. §§ 11 og 11a i Forvaltningslova.

Merknader til sakahandsaminga

Det gjekk over 3 månader frå søknaden vår vart sendt kommunen til me på heimesida til kommunen såg at søknaden vår vart teke med som *skriv og melding* til formannskapet på

møte **20.01.11**. I protokollen etter møtet ser me at rådmann opplyser at ”*det i fylgje vedtektene til kraftfondet fell ikkje denne typen søknad inn under vedtektene i kraftfondet*”.

Frøyset vassverk hadde korkje munnleg eller skrifteleg fått noko tilbakemelding om at søknaden vår fall utanfor vedtektene i kraftfondet.

Den 31.01.11 sende Frøyset vassverk eit brev til kommunen og peika at me ikkje kunne sjå at det var rett å handsame ein søknad som ”*skriv og melding*”, og bad om svar på søknaden, eller førebels svar. **Det fekk me ikkje.**

Den 17.02.11. etterlyste me svar på dette brevet, viste til Forvaltningslova §§ 11 og 11 a.

Frøyset vassverk fekk heller ikkje svar på dette brevet/ klagen.

Først 23.02.11 fekk me ei melding om at kommunen hadde motteke søknaden, og at søknaden skulle leggjast fram til politisk handsaming. **Første svarbrev etter 4 ½ månad.**

Purrebrev me hadde sendt var ikkje nemnde, og ikkje noko årsaking for seint svar.

Merknader til Saksutgreiinga til rådmann:

FAKTADELEN:

Her burde rådmann teke med desse fakta:

At Frøyset vassverk er ei bedrift, eit SA som leverar vatn til kostpris til 16 abonnentar.

At vassverket leverer vatn til Frøyset kyrkja som er ei bedrift.

At vassverket har også tilrettelagt med kopling for brannslange ved kyrkja.

At det i kommuneplanen er lagt til rette for spreidd bustadbygging på Frøyset med inntil 4 hus i planperioden, og at vassverket har tilrettelagt for dette, fysisk og i vedtekter.

Når dette ikkje er med under ”faktadelen” og ein må leita i sakspapira for å finna dette, kan etter vårt syn viktige fakta lett bli oversett eller lite vektlagt.

VURDERINGA:

Sitat frå vurderinga: ”*Retningslinene for kraftfondet under § 2 tek omsyn til tiltak som sikrar og aukar busetnaden i kommunen, kor eit slikt tiltak som Frøyset vassverk søkjer om støtte til er relevant*”.

I rådmannen si vurdering er det teke med at det tidlegare har vore vurdert framføring av vatn til Frøyset, til blant anna kyrkja, men ikkje vorte noko av ”*m.a. grunna kapasiteten på noverande vassverk*”. **Dette er grunnen til at me måtte gjere noko sjølv for å skaffe vatn.** Vidare i vurderinga til rådmannen kjem dette, sitat: ”*Støtte til utbygging av private vassverk meiner ein fell utafor føremålet med kraftfondet*”.

Dette synest rart i høve til: - ”*slikt tiltak som Frøyset vassverk søkjer om støtte til er relevant.*”

Når rådmann her skriv ”*meinar ein*”, må det då oppfattast som rådmann si meining.

Ut frå retningslinene §2 bør det difor vere rom for også å meine noko anna.

KONKLUSJONEN

Sitat frå siste avsnitt i rådmann sin konklusjon: ”*Under § 2 i vedtektene for kraftfondet tilrår ein at private VA anlegg vert definert som tiltak som ikkje skal gjevast stønad til over kraftfondet – og dermed ei klargjering og konkretisering.*”

Frøyset vassverk sin konklusjon ut frå dette er at:

Ut frå dagens vedtekter er mogeleg å gje stønad frå kraftfondet utan å endre vedtektene.

I vedtaksprotokollen ser me at ein kommunerepresentant sa at: - ”*hadde Frøyset gardsmat vore ein av søkjarane kunne ein nytte § 2 i vedtektene om næringstilknyting*”.

Frøyset vassverk kan då opplyse at Frøyset gardsmat har fått statlege midlar til eige borehol.

Det er lite truleg at det i Masfjorden kommune vil dukke opp så mange vassverk organisert som bedrift (SA). Kva enkelte har kosta på vatn til seg er etter vårt syn ikkje relevant å trekke inn i denne saka fordi dei ikkje er ei bedrift.

I årsmelding for kraftfondet 2009 ser me at Fjon båtlag har fått lån, og undrast kva § i vedtektene som har vore nytta for lån til båtlag. Vedtektene har vel ikkje endra seg så mykje?

Det me meinar er vesentlig i denne saka er:

- **At Frøyset vassverk er ei bedrift som leverar vatn til abonnentar som kommunen ikkje kan skaffe innan akseptabel tid.**
- **At kyrkja er ei bedrift. Det same er gardsbruket Gnr 7/1, sjølv om det for tida ikkje er husdyr på bruket. Det kan kome.**
- **At det i kommuneplanen er lagt til rette for spreidd bustadbygging med inntil 4 hus i planperioden. Vassverket har tilrettelagt for dette, fysisk og i vedtekter, men utan investering i ekstra borehol er det vanskeleg for nye å etablere seg her.**
- **At i retningslinene til kraftfondet § 2 er -"eit slikt tiltak som Frøyset vassverk søker om støtte til er relevant".**
- **At det ut frå dagens vedtekter er mogeleg å gje stønad/lån frå kraftfondet utan å endre vedtektene.**

Privat initiativ og tiltakslyst er etterspurt av politikarane. Frøyset vassverk har teke eit initiativ og starta ei bedrift som skal levere vatn til kostpris til abonnentane. Med godt samarbeid og mykje dugnad har me fått til mykje, og vil gjere meir.

Me vil og ha fleire til å busette seg på Frøyset og tilrettelagt for det.

Me vil tru at bode kommunen og våre folkevalde set pris på tiltaket vårt.

Med helsing

Styret for Frøyset vassverk

Arve Terje Daae Harry Daae Terje Myrvang Gjert Øyvind Daae Bjarne Håheim

FAKTA

K-sak 28/11 frå handsaminga i kommunestyret den 28.04.11

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert ikkje gjeve støtte til Frøyset vassverk i form av tilskot gjennom kraftfondet til gjennomførte investeringar i 2010 og heller ikkje lån til investering i eit nytt borehol i 2011 då tiltaket fell utfor ordninga og føremålet med frie fondsmidlar til fordeling (næring)
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Finansiering

Heimel

Vedtekter og retningsliner for kraftfondet

KRFT-003/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Det vert ikkje gjeve støtte til Frøyset vassverk i form av tilskot gjennom kraftfondet til gjennomførte investeringar i 2010 og heller ikkje lån til investering i eit nytt borehol i 2011 då tiltaket fell utfor ordninga og føremålet med frie fondsmidlar til fordeling (næring)
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 14.04.2011:

Senterpartiet sette fram endringsframlegg,

Endringsframlegg SP;

- Det vert gjeve støtte til Frøyset vassverk i form av tilskot med 60.000 til gjennomførte investeringar utført i 2010.
- Det vert innvilga lån på kr. 120.000,- til utviding av kapasitet i form av eit ekstra borehol i 2011.
- Tildelinga av tilskot og lån vert knytt opp mot paragraf 2 i vedtektene
- Forskjellen er at kommunen ikkje kunne tilby tilknytning.

Saka vart deretter debattert.

Ved røysting fekk framlegget til SP 2 røyster (Sp og FrP), og fall mot 3 røyster.

KS-028/11 VEDTAK:

1. Det vert ikkje gjeve støtte til Frøyset vassverk i form av tilskot gjennom kraftfondet til gjennomførte investeringar i 2010 og heller ikkje lån til investering i eit nytt borehol i 2011 då tiltaket fell utafør ordninga og føremålet med frie fondsmidlar til fordeling (næring)
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.04.2011:

Ordførar orienterte kort og delte ut årsmeldinga frå Frøyset Vassverk.

Karstein Totland H: Høgre vil kome med eit endringsframlegg der ein ikkje gjev tilskot men vil gje Frøyset Vassverk eit lån i næringsfondet. Må ein då endre vedtektene?

Vigdis Søvik, Sp. Senterpartiet ser på dette som ei samanliknbar sak med andre saker som har fått tilskott til infrastruktur som vassframføring sjølv om dette gjeld etablerte husstander og ikkje nybygging. Sp opprettheld sitt framlegg frå formannskapet.

Frode Langhelle, H, sa at hadde Frøyset gardsmat vore ein av søkjarane kunne ein nytta § 2 i vedtektene om næringstilknytting.

Willy Borge, FrP, spurte om ein kunne forvente krav frå Frøyset om kommunal overtaking av vassverket viss ein ga kommunal støtte. Rådgevar Anne Kristin Rafoss svarte at lovverket opnar for at kommunen kan overta eit privat vassverk utan eigarane si godkjenning (krev kommunestyrevedtak), men det er ikkje noko heimel for private vassverk å krevje at kommunen skal overta deira vassverk sjølv om infrastruktur knytt til vassverk er ei offentleg oppgåve.

Liv Oda Dale, Ap, sa at ein i utgangspunktet delte synspunkta til Sp og FrP frå formannskapet men etter å ha høyrte på argumentasjonen ønskjer ein eit gruppemøte.

Marit Steinestø, KrF sa at det er viktig å halde seg til vedtektene ein sjølv har vedtekte. Steinestø bad om at administrasjonen gjorde greie for at reglane i kraftfondet og kva presedens eit lån vil gje.

Ass rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte kort om reglar og vedtekter for kraftfondet. Skal ein gje lån bør ein nytte seg av budsjettposten bustadføremål.

Leila Torsvik Andvik, V, vil i utgangspunktet gå for rådmannen sitt forslag men ønskjer eit gruppemøte. Vil eit lån til Frøyset Vassverk no gjere at det vert mindre midlar til ny-etableringar neste år? Andvik meinte og at ein må følgja eigne retningsliner og ikkje la for mange vedtak vere prega av følelsar.

Ass rådmann Svein Helge Hofslundsengen svarte at brukar ein 120 000 til lån no vil det vere 380 000 at til bustadetableringar i år.

Det vart gruppemøte og gruppeleiar møte og kommunestyremøtet vart heva.

Vigdis Søvik, Sp, Senterpartiet opprettheld sitt framlegg frå formannskapet som lyder:

- Det vert gjeve støtte til Frøyset vassverk i form av tilskot med 60.000 til gjennomførte investeringar utført i 2010.
- Det vert innvilga lån på kr. 120.000,- til utviding av kapasitet i form av eit ekstra borehol i 2011.
- Tildelinga av tilskot og lån vert knytt opp mot paragraf 2 i vedtektene
- Forskjellen er at kommunen ikkje kunne tilby tilknytning.

Karstein Totland, H, Dei andre partia opprettheld Kraftfondstyret sitt framlegg.

Røysting.

Ordførar gjorde framlegg om at dei to framlegga vart røysta mot kvarandre.

Framlegget frå Kraftfondstyret vart vedteke mot to røyster (Sp)

SAKSUTGREIING TIL FYRSTE HANDSAMINGA I KRAFTFONDSSTYRET DEN 14.04.11:

BAKGRUNN

Det vert søkt om 60.000 i tilskot og 120.000 i lån kraftfondet til vidare utbygging av Frøyset vassverk.

FAKTA

Handsaming av søknader kraftfondet skjer primært etter 2.tildelingar, med søknadsfrist 15.juni for 1.tildeling og 1.november for 2.tildeling. Søknaden frå Frøyset vassverk kom inn 3.november og vart dermed i utgangspunktet liggjande til 1.tildeling 2011. For 2010 var midlane brukt opp allereie innan 2.tildeling og ingen disponible midlar knytt frie fondsmidlar til fordeling ved 2.tildeling 2010.

Søknaden vart lagt fram for formannskapet den 20.januar 2011 knytt til pågåande arbeid med rullering av vedtektene for kraftfondet, med omsyn til å få nokre avklaringar, men det vart det ikkje tid til i møte, og møtoreferat kom litt uheldig ut i forhold vedtekter vs. sjølve søknaden/saka.

Den 28.mars 2011 vart det halde eit møte mellom Frøyset vassverk v/Terje Daae og Bjarne Håheim, og kommunen ved ordførar og ass. rådmann på kommunehuset. Tema var orientering frå Frøyset vassverk om status vassverket om oppdaterte projektkalkylar og vedtekter, samt orientering om kraftfondet og mulege medverknadar frå kommunen si side, realtert til kommunen sin medverknad i ein del nye bustadfelt – politisk handsaming. Frøyset vassverk ba alternativt om ei vurdering kring kommunal garanti om dei ikkje fekk støtte på andre måtar.

Viser elles til søknad frå Frøyset vassverk som følgjer som vedlegg.

Masfjorden kommune hadde tidlegare ei ordning med tilskot til private vegar og private vassverk. Desse ordningane er avvikla.

VURDERING

Søknaden er primært vurdert etter ordninga med frie fondsmidlar kraftfondet til tildeling med ei ramme på 600.000,-, som for 2010 var disponert pr. september 2010, og søkjar orientert om dette faktum før søknaden og søknaden dermed retta mot 2011 tildelingane.

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål jf. § 2 i vedtektene.

Retningslinene for kraftfondet under § 2 tek og omsyn til tiltak som sikrar og aukar busetnaden i kommunen, kor eit slikt tiltak som Frøyset vassverk søkjer om støtte til er relevant.

Fellestiltak kan og gjevast støtte til investeringsføremål, men må då vere i kommunal regi.

Utbygging hittil har eit omfang på tilknytingsavgift ved tilknytning kommunalt vassverk + vassavgift på nivå med det kommunen tek inn i årlege avgifter. Det er neste utbyggingstrinn som medfører kostnader utover ”kommunalt nivå”, og som det vert søkt støtte om.

Det er mange private vassverk i kommunen, og det har tidlegare vore vurdert framføring av kommunalt vatn til Frøyset, til m.a. kyrkja, men desse planane har ikkje vorte realitetshandsama m.a. grunna kapasiteten på noverande hovudvassverk. Støtte til eit privat vassverk vil fort føre til ei rekkje søknader om støtte til private vassverk.

Støtte til utbygging av private vassverk meiner ein fell utafor føremålet med kraftfondet, og ein tilrår at det ikkje vert gitt støtte til omsøkte prosjekt, og tilskotsordninga frie fondsmidlar til fordeling.

Dersom ein politisk ønskjer å gje støtte til omsøkte prosjekt, må ein heller vurdere budsjettposten for midlar til tilrettelegging bustadføremål. Kommunen har over ein periode gått inn med til dels kraftig medfinansiering i nye bustadfelt, kor framføring av VA anlegg er sentrale. Siktemålet er å sikre busetnad og helst auke den. Utbygging i eksisterande felt/områder vil ha same føremål, og det kan følast urettferdig at ein får støtte til nye felt, men ikkje eksisterande. Dette forholdet kan og jamførast til ordninga med etableringstilskot. Skal ein gje støtte til omsøkte prosjekt, bør ein først gå ein runde med endring i vedtektene for kraftfondet, og vere budd på ein del søknader om støtte til private bustadfelt/vassverk. Støtte vil då og medføre overføring av anlegg til kommunen vederlagsfritt, og løpande kommunale avgifter til kommunen som tek på seg drift av anlegget.

Kommunal garanti – er kraftig innskjerpa frå sentralt hald, og ikkje vurdert då ein ikkje ser heimatil til å gje ein slik garanti som kunne medført lågare rentekostnad på lån i ein sparebank til omsøkte føremål.

KONKLUSJON

Med bakgrunn i vedtekter for kraftfondet tilrår ein at det ikkje vert gitt støtte til søknaden frå Frøyset vassverk, då føremålet fell utafør det som er tenkt med omsyn til prosjekt under budsjettposten frie fondsmidlar til fordeling.

Ved endring i vedtektene og retningslinene kan ein opne for støtte inn under budsjettposten tilrettelegging bustadføremål, men då må ein først føreta vedtektsendring.

Rådmannen rår frå ei slik endring, og viser til at kommunen har vedteke å satsa på målretta etablering av fleire nye bustader for å auka folketalet. Dette gjer ein ved å medverke til VA-utbygging og ved å gje etableringstilskot ved etablering av nye bustadfelt/bustader.

Under § 2 i vedtektene for kraftfondet tilrår ein at private VA anlegg vert definert som tiltak som ikkje skal gjevast stønad til over kraftfondet – og dermed ein klargjering og konkretisering.

VURDERING/KONKLUSJON

Ein kan ikkje sjå at klagen inneheld nye saksopplysningar som gjev grunnlag for endra vurderingar frå rådmannen. Rådmannen sine vurderingar i sak 27/11 står etter dette ved lag, og klagen vert lagt fram til politisk handsaming utan tilråding.

.....

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.06.2011	055/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/430
-----------	---------------------

SAK 055/11 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	11/2316	I	27.05.2011	KS	Skriv og meldingar frå KS
2	11/2661	I	17.06.2011	Regionrådet Nordhordland IKS	Protokoll frå representantskapsmøte Regionrådet Nordhordland IKS den 13.05.11
3	11/2691	I	20.06.2011	Vestlandsrådet	Vestlandsrådet - nytt handlingsprogram for transport 2012 - 2015 - invitasjon til høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-055/11 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om skriva.

Det vart delt ut møteplan for hausten og det vart gått gjennom datoane.
Møteplanen vil bli sendt ut til kommunestyret.

Munnlege orienteringar:

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om tilsettinga av teknisk sjef.

Skriv og meldingar vart teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.06.2011	056/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/429
-----------	---------------------

056/11 **Delegerte vedtak**

Saka går ut.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.06.2011	057/11	Håkon Matre

Arkiv: N-111.2	Arkivsaknr.: 11/428
----------------	---------------------

SAK 057/11 - HØYRINGSUTTALE OM MAKSIMUMS- OG MINIMUMSREGLANE I EIGEDOMSSKATTEN FOR KRAFTVERK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommunestyre gjev ordføraren og rådmannen fullmakt til å utforma og senda høyringsuttale om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk innan fristen 15. juli.
2. Kommunestyret støtter synspunkta i LVK sitt brev til Finansdepartementet datert 31.01.2011 og LVK-styret sin uttale datert 17. juni 2011. Masfjorden kommune sin uttale skal vera tufta på desse synspunkta.

KS-057/11 VEDTAK:

1. Masfjorden kommunestyre gjev ordføraren og rådmannen fullmakt til å utforma og senda høyringsuttale om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk innan fristen 15. juli.
2. Kommunestyret støtter synspunkta i LVK sitt brev til Finansdepartementet datert 31.01.2011 og LVK-styret sin uttale datert 17. juni 2011. Masfjorden kommune sin uttale skal vera tufta på desse synspunkta.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:

Saka vart drøfta.

Kjell Løvik, H, sa at dette er ei viktig sak for kommunen. Grunnlaget for vår økonomiske situasjon er lagt i eigedomsskatten.

Det er viktig at de som representerer partia set dykk inn i det som har med kraft å gjera og brukar partikanalane for å fremja saka.

Det er viktig å setja dette på dagsorden å synleggjera at me har moglegheit til å bu i ein kommune som Masfjorden.

Det er ikkje rett at eigarane av kraftselskapa skal ta ut større utbytte pga av redusert skatt. Med fjerning av makspris vil vasskraftkommunane få større del av kraftselskapa sine inntekter gjennom auka eigedomsskatt.

Vigdis Søvik, Sp, sa at dei sluttar seg til det som Løvik sa. Sp meiner at verdiane skal tilbakeførast der dei er skapte.

Søvik ba om at kommunestyret må få framlagt høyringsuttalen som vert sendt ut.

Marit Steinestø, KrF, ba om at partia får tilsendt uttalen så snart den er klar slik at partia kan bruka den i arbeidet sitt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Grunnlaget for eigdomsskatteberekninga for kraftverk har vore tema for strid gjennom mange år. Då noverande berekningsordning vart innført, vart det definert eit minimumsnivå (kr 1,10/KWh) for at vertskommunane ikkje skulle tapa for mykje i den omlegginga som då skjedde. Grunnlaget for eigedomsskatten er strauprisen gjennom ein 5-årsperiode, og med aukande strumpris vart det eit press frå produsentane og dei store eigarane av kraftselskapa for å få innført også ei maksimumsnivå for utrekningane. Etter nokre års strid, vart maksimumsnivået fastsett (kr 2,35/KWh). Seinare er minimumsnivået senka til kr 0,95/KWh.

FAKTA

Desse minimums- og maksimumsnivåa var den gongen meint å vera mellombels, og situasjonen er no (for 2010) slik at Masfjorden kommune taper nær 6 mill. i eigedomsskatt på den avgrensinga maksimumsnivået gir.

Dette er ei sak der små distriktskommunar står mot større bykommunar og Staten. Fjernar ein maksimumstaket, vil vertskommunane få auka inntekter frå kraftprodusentane. Det vil då verta mindre utbytte til eigarane, som i stor grad nettopp er dei store bykommunane og Staten.

VURDERING

Denne saka er både prinsipiell og av stor økonomisk betydning for Masfjorden kommune, og det er viktig at Både Masfjorden og alle dei andre vertskommunane gir eigen uttale.

KONKLUSJON

Sakshandsamar vurderer det som viktig at kommunestyret gir naudsynte føringar for uttalen frå Masfjorden kommune. Ved å peika på dei to dokumenta frå LVK som er med i saksgrunnlaget, sikrar ein at uttalen frå kommunen vert i tråd med synspunkta.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 28.06.2011 vert vitna:

Håkon Matre
ordførar

Liv Oda Dale
kommunestyremedlem

Kjell Løvik
kommunestyremedlem